

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
056/2015	Formannskapet i Radøy	PS	18.06.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Katarina Birkeland	14/598	15/6652

Radøy ungdomsråd - endring av vedtekter

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I vedtektene til Radøy ungdomsråd heiter det i § 6 at vedtektene skal takast opp til vurdering av Radøy ungdomsråd og kommunestyret innan 4 år. Vedtektene vart sist endra 21.juni 2012. Ungdomsrådet har i møte tysdag 12.mai drøfta vedtektene for rådet og gjer framlegg om endringar.

Den første endringa går på presisering rundt jobbsentral for ungdom, § 1 c. Ungdomsrådet ynskjer å ta bort dette punktet, ettersom Ung jobb om sommaren er administrert av ungdomskoordinatorstillinga og kultur- og sørvistorget.

Representantane ynskjer å leggja til eit punkt under § 1.

§ 1 e. Leiar og kontaktperson får tilsendt kommunestyredokument frå kommunestyresekretær når det er saker som omhandlar barn og unge i kommunen.

Den tredje endringa gjeld funksjonstida til representantane frå 8. og 9. klasse under § 2a.

Ungdomsrådet ynskjer å endra funksjonstida frå to år til eit år.

For representantar frå 10.klasse gjeld vervet for to år. Representantar frå 10. klassen som ynskjer det, kan likevel seia frå seg vervet etter eitt år.

Den fjerde endringa gjeld § 2b, auke av representantar frå vidaregåande skule.

Ungdomsrådet ynskjer å auka talet på representantar frå vidaregåande frå 4 til 6.

Ungdomsrådet synest dette vil styrka ungdomsrådet og møta i rådet, ved at dei eldste kan vera rettleiarar for dei yngste. Ungdomsrådet ynskjer også eit større råd. Grunngevinga er at det skjer som oftast fråfall på møta.

Forslag til endringa i 2b er:

Seks representantar for aldersgruppa 16-19 år. Alle lag, organisasjonar og andre som driv med aktivitet for barn og unge i denne aldersgruppa, kan koma med framlegg på representantar. Formannskapet oppnemner representantane for to år om gongen. Minst 40 % av kvart kjønn. Representantane kan likevel seia frå seg vervet etter eitt år.

Det femte endringsframlegget er i §5. Ungdomsrådet ynskjer å bytta ut RadøyNytt med facebook som informasjonside.

§ 5 Ungdomsrådet kan nytta kommunen si heimesida og facebookside som informasjonsorgan.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtekter for Radøy ungdomsråd vert vedtekne slik dei ligg føre

Formannskapet i Radøy - 056/2015

FS - handsaming:

Rådmannen gjorde merksam på at §1e i vedtektene ikkje er retta opp i samsvar med saksutgreiinga. Framlegg til §1e skal ha denne ordlyden: *Leiar og kontaktperson får tilsendt kommunestyredokument frå kommunestyresekretær når det er saker som omhandlar barn og unge i kommunen.*

I formannskapet vart det også gjort framlegg om ei mindre endring i §4a:
Formannskapet tilrår at bisetning i §4a vert endra til "*arbeidsutval har møte etter behov*".

Formannskapet godkjenner vedtektene med framlegg sett fram i møte.

FS - vedtak:

Vedtekter for Radøy ungdomsråd vert godkjend med følgjande endringar:

§1e: *Leiar og kontaktperson får tilsendt kommunestyredokument frå kommunestyresekretær når det er saker som omhandlar barn og unge i kommunen.*

Formannskapet tilrår at bisetning i §4a vert endra til "*arbeidsutval har møte etter behov*".

Vedlegg:

vedtekter ungdomsrådet